



# Forskrift om folkevalte sin rett til godtgjersle

Forskrift etter kommunelova §§ 8-3, 8-4, 8-6 og 8-10 mv.

## Forskrift [dato] om folkevalgte sin rett til godtgjersle og velferdsgode i Kvinnherad kommune.

Fastsett av Kvinnherad kommunestyre [dato] med heimel i lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar §§ 8-3,8-4,8-6 og 8-10

### § 1 Føremål

Forskrifta skal leggje til rette for brei rekruttering til kommunale tillitsverv gjennom økonomiske ordningar som gjer det mogeleg for alle å delta i lokalpolitikken.

### § 2 Verkeområde

Forskrifta gjeld for alle folkevalde organ i Kvinnherad kommune.

### § 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap

Den som har eit tillitsverv i Kvinnherad kommune har krav på

- skyss-, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser i forbindelse med vervet
- dekning av utgifter som fylje av vervet, også utgifter til andre for å utføra naudsynte arbeidsoppgåver, barnepass og andre omsorgsoppgåver ein må ha for å kunna utøva vervet.
- erstatning for tapt inntekt som fylje av vervet.

Krav etter første ledd skal setjast fram så snart som mogeleg og seinast i månaden etter at kravet oppstod. Kvinnherad kommune nyttar elektroniske reiserekningar. Alle reiserekningar skal sendast elektronisk. Folkevalte som treng opplæring i å senda elektroniske reiserekningar skal få det. Opplæringsbehov melder ein til politisk sekretær. Krav etter første ledd bokstav b eller c som ikkje kan dokumenterast, blir dekkja likevel dersom utgiftene eller tapet er sannsynliggjort på anna måte.

### § 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap

Godtgjering for skyss, kost og overnatting etter § 3 første ledd bokstav a blir utbetalt etter dei til ei kvar tid gjeldande satsane i kommunen sitt reiseregulativ.

Studentar som oppheld seg midlertidig utanfor kommunen, har rett til reiseutgifter på rimelegaste måte frå studiestad til møte i folkevalt organ.

Utgifter etter § 3 første ledd bokstav b dekkes med inntil kr 1500 per dag. Utgiftene må dokumenterast.

Tapt inntekt etter § 3 første ledd bokstav c dekkes med inntil kr 3300 kr per dag for dokumenterte tap, og inntil kr 1500 per dag for ikkje - dokumenterte tap.

### § 5 Møtegodtgjersle

Den som har eit kommunalt tillitsverv, har krav på godtgjering for sitt arbeid etter fyljande satsar:

Folkevalte	Framlegg	Ordningar
Ordførar	95 % av løn stortingsrepresentant	Løna dekkjer møtegodtgjersle, ikkje styregodtgjersle. Har kommunal mobiltelefon og kommunal vaktbil
Varaordførar	15 % av ordførarløn	Løna dekkjer møtegodtgjersle i kommunestyre og formannskap. Har kommunal mobiltelefon.
Kommunestyremedlemer	1,5 % av ordførar	Dekkjer møtegodtgjersle alle kommunestyremøte, inkludert folkevaldopplæring.
Formannskapsmedlemer	3 % av ordførar	Dekkjer møtegodtgjersle i formannskap.
Medlem av - kontrollutvalet - Levekårsutvalet	1 % av ordførarløn	Dekkjer møtegodtgjersle i utvalet.

- Investeringsutval - Plan-, teknikk- og miljø - Administrasjonsutvalet			
Medlem av Forvaltningsutvalet	1,5 % av ordførarløn		Dekkjer møtegodtgjersle i utvalet.
Leiar utval - Kontrollutvalet - Levekårsutvalet - Investeringsutval - Plan- teknikk- og miljøutvalet -Administrasjonsutval	3 % av ordførarløn		Dekkjer leiar- og møtegodtgjersle i utvalet.
Leiar Forvaltningsutval	4 % av ordførarløn		Dekkjer leiar- og møtegodtgjersle i utvalet.
Leiarar andre utval - Klageutval - Eldreråd -Råd for menneske med nedsett funksjonsevne - Ungdomsråd	1,5 % av ordførarløn		Dekkjer leiar- og møtegodtgjersle i utvalet.
Medlemer andre utval	1% av ordførarløn		Dekkjer møtegodtgjersle i utvalet.
Varamedlemer til møte i kommunestyre, formannskap og utval.	Som fast medlem.		Møtegodtgjersle pr. møte.
Gruppeleiarar	1,5 % av ordførarløn		
Møtegodtgjersle ved andre politiske møte, som ikkje er godtgjort på annan måte.	200 kroner timen		Maks inntil 8 timar per dag
Utval utan årleg godtgjersle til leiar. - Næringsfondet - Skatteutval - Eigedomsskatte-nemnd - Sakkunnig ankenemnd			
<b>Folkevalte</b>	<b>Framlegg</b>	<b>Utgjer i kroner</b>	<b>Ordningar</b>
Vederlag for tapt arbeidsforteneste/inntekt	Eigenerklæring 50 % av dagløn ordførar. Tap av inntekt grunna deltaking i politiske møte	Inntil 1.500,- Refusjon etter oppgåve	Tap og utlegg må stå i høve til medgått møte- og reisetid. Tap i pårekna overtidsarbeid eller anna ekstrainntekt vert ikkje kompensert. Krav må dokumenterast.
Vederlag for tapt arbeidsforteneste	Dokumenterte utgifter	Inntil 3300 kr	Vederlaget føreset at den folkevalte har tap i inntekt Ved dokumentasjon eller eigenerklæring som viser dette
Vederlag for andre utlegg	Utgifter til barnepass Stell av sjuke og eldre	Som timepris for ekstra tid i kommunal barnehage Refusjon av utgifter	Krav må dokumenterast.
Skyssekostnader	Bil: Statens regulativ Andre reiseutgifter etter rekning - dokumentert		Reisa vert refundert frå folkeregistrert adresse til møtestad. (med unntak av studentar som midlertidig oppheld seg i anna kommune)
Varamedlemmene får utbetalt etter sats som faste medlemmer ved oppmøte.			

Utbetaling av møtegodtgjersle blir to gonger per år, innan juli og i januar.  
 Det blir ikkje gitt møtegodtgjering ved forfall.  
 Fast årleg godtgjering, blir utbetalt etter frammøte. Ved fråvær blir godtgjersla redusert tilsvarande.  
 Utval utan årleg godtgjersle til leiar er: Næringsfondet, Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt og Sakkunnig ankenemnd for eigedomsskatt.

### **§ 6 Godtgjering ved frikjøp**

*Godtgjersla viser til kommunelova § 8-5*

a. Ordføraren blir frikjøpt i 100 % stilling. Ordførar si løn blir sett til 95% av stortingsrepresentantløn. Løna dekker all møtegodtgjersle. Ordførar har kommunal mobiltelefon og disponerer kommunal vaktbil.

b. Varaordføraren blir frikjøpt i 15 % stilling. Varaordførar si godtgjering blir regna ut frå ordførar si løn. Godtgjersla er 15% av ordførarløna. Løna dekker møtegodtgjersle i kommunestyret og formannskapet. Varaordførar får kommunal mobiltelefon.

### **§ 7 Etterløn**

Ordførar har etter søknad rett til etterløn i 3 månadar når han/ ho trer ut av vervet.

Ein søknad om etterløn blir avgjort av formannskapet.

Retten til etterløn blir avkorta mot anna inntekt etter reglene i kommunelova § 8-6 andre og tredje ledd.

### **§ 8 Pensjonsordning**

Ordførar har rett til pensjon i tråd med kommunen si pensjonsordning for tilsette.

### **§ 9 Rett til sjukepengar**

Ordførar har same krav på sjukepengar som tilsette i kommunen.

Kommunen skal betale sjukepengar tilsvarande full løn i arbeidsgjevarperioden frå den første til den sekstende sjukedagen, jf. folketrygdloven § 8-19.

Ordførar har krav på løn utover seks gonger grunnbeløpet, jf. folketrygdloven § 8-10 andre ledd, skal kommunen betale forskjellen mellom det ordføraren har krav på å få utbetalt i sjukepengar frå folketrygda og det ordføraren ville fått i løn i den same perioden.

### **§ 10 Rettar ved yrkesskade**

Ordførar skal meldes inn i kommunen si yrkesskadeforsikring og eventuelle andre tilleggsforsikringar som gir tilsette i kommunen rett til ytingar ved yrkesskade.

### **§ 11 Permisjonar**

Ordførar har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§ 12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15.

Søknad om permisjon blir avgjort av kommunestyret.

Under permisjonen beheld ordføraren løna i inntil to veker. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og ved barn og barnepassar sin sjukdom har ordførar rett til å halda på løna etter same reglar som gjeld for tilsvarande permisjonar for tilsette i kommunen.

### **§ 12 Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft 15. Mai 2020

Tabellen blir oppdatert etter endringar i stortingsrepresentantane si løn.



